

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk (UiB)

Møtedato: 19. april 2017

Møtestad: seminarrom 301 i HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Margery Vibe Skagen (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk), Shouhui Zhao (kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Jon Askeland (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: ingen

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Birgitte Vågnes Bakken

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 8. februar 2017

Godkjent med merkningen frå Margery Vibe Skagen (sjå innkallinga).

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Fram til no har representanten for japansk òg fungert som representant for kinesiskfaget i instituttrådet. No har kinesisk fått to fast tilsette, og faget har frå og med dette møtet eigen representasjon i rådet (Shouhui Zhao) på linje med dei andre faga ved instituttet.
- b) Tre faste vitskaplege stillingar er under tilsetjing ved instituttet: fransk litteratur, spansk fagdidaktikk og latinamerikansk historie.
- c) På det NFR-finansierte Aldringsprosjektet er det ei stipendiatstilling under tilsetjing.
- d) Instituttet har lyst ut eit vikariat for Erik Tønning, som har søkt permisjon for å gå inn i eit toårig engasjement som leiar av det norske studiesenteret i York. Søknadsfristen er 25. april.

Sak 4 – Rekneskap 2016 og budsjett 2017

Vedtak (samrøystes): Instituttet tek til vitende rekneskapen for 2016 og godkjenner budsjettet for annuum i 2017.

Sak 5 – Diskusjonssaker

Instituttleiar inviterte til ordskifte med utgangspunkt i sakspapira.

Bemanning 2018-2019

Instituttrådet 14. juni må ta stilling til kva for stillingar som skal prioriterast høgast, og rammene er ein oppdatert versjon av bemanningsplanen for fakultetet. (Presentasjonen av stillingane på russisk etter første avgang, skal justerast frå 1 i lingvistik og 2 på litteratur til 1.5 på kvar disiplin, i tillegg til dei to språkpedagogane i deltidsstillingar).

Eitt av diskusjonspunkta i sakspapira er om stillinga som blir ledig på italiensk våren 2017, skal flyttast til eit anna fag, i så fall kombinert med at masterstudiet på italiensk vert lagt på is. Bryn meinte ein ikkje burde gå bort frå prinsippet om minst tre vitskapleg tilsette på kvart fag. Ho frykta at ein

reduksjon til to stillingar kunne vera første steget mot nedlegging av faget, og vart støtta av Skagen i denne vurderinga. Når det galdt russisk, peikte Bryn på at russisk har hatt ein auke i studiepoeng samla sett, og er på sitt høgaste på fleire år. Instituttet bør derfor arbeida for å erstatta stillinga som om nokre semester blir ledig på russisk. Veland ville ikkje ta stilling til om masterstudiet på italiensk burde leggjast ned, men han meinte problemstillinga var relevant. Samstundes streka han under at spørsmålet burde drøftast òg for andre fag med veik rekruttering til masterstudiet, ikkje berre italiensk.

Solvang meinte det var svært uheldig å leggja opp til at det skal vera nok med to tilsette på eit fag. Samstundes minna han om at japansk, som har mange studentar, burde hatt ei tredje vitskapleg stilling for lengst. Solvang ville halda fram arbeidet for å få i stand eit masterstudium i japansk, og han meinte IF heller ikkje burde foreslå nedlegging av master på andre fag.

Utteljing for emneansvar for ekstra krevjande emnekoordinering

Instituttleiar gjer i sakspapira framlegg om at faga/fagkoordinatorane sjølve skal kunna vurdere timeutteljinga for emneansvaret på kvart emne. Haukås var usamd i at fagkoordinator skulle kunna fastsetja dette, og såg faren for tilfeldige utslag av ei slik ordning. Ho vart støtta av Bryn.

Førebuingstid

Sakspapira reiste spørsmålet om noko av den enklare undervisninga på grunnivået burde justerast frå forelesingar med faktor 4 til seminarundervisning med litt lågare faktor. Arabisk har innført faktor 2 på ein del undervisning på 100-nivå som ikkje kan kallast forelesingar. Bryn var imot å redusere faktoren på undervisning, og la vekt på at det skal vera attraktivt også å undervisa i første semester. Haugland la til at norske studentar har altfor få undervisningstimar samanlikna med universitetet i utlandet, og at dette viser at vi har for få som underviser på faga.

Utteljing for fagkoordinatorvervet – differensierte satsar

Sakspapira foreslår å redusere tida til fagkoordinering noko på dei minste faga. Bryn meinte det vart gitt altfor lite timeutteljing for koordinering på russisk slik satsane er no. Solvang viste til at japansk har svært mykje godkjenningsarbeid som fell på koordinator. Veland meinte på den andre sida at han i praksis brukte mindre enn den «normerte» tida på arbeidet med fagkoordinering av italiensk. Uthaug viste til at satsane for koordinering òg skal vera retningsgjevande for kor mykje tid som skal brukast til denne oppgåva, og at tida vi set av til koordinering, òg påverkar kor mykje tid som er att til undervisning. Haukås meinte at dette var eit dårleg tidspunkt å drøfta reduksjon i koordineringssatsane sidan vi står midt oppe i store omleggingar knytt til HF-2018. Veland var samd i at instituttet akkurat no er i ein ekstraordinært arbeidskrevjande fase, men at ein ikkje kan tru at den noverande situasjonen skal vera normalen framover.

Sak 6 – ymse

Polster etterlyste ein eigen fagkoordinator for lektorutdanninga, slik instituttet tidlegare har hatt. Instituttleiar vil koma tilbake til saka.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef